

Praktiske opplysingar om kurset



I løpet av årets olsok-kurs syng vi i Værnes kyrkje og i Nidarosdomen, to av landets eldste kyrkjebygg.

Kurset er gratis, men boka med liturgiane må skaffast av deltakarane på førehand: *Tidebønner fra Nidaros – Olsok, 2007*, ISBN 978-82-543-1086-1 (ca. kr 100).

Boka kan kjøpast gjennom ein bokhandel, i nettbutikken til Verbum forlag (<http://verbumforlag.no>), eller i Besøkssenteret ved Nidarosdomen.

Boka vil også bli brukt på komande års olsok-kurs.

Alle påmelde vil få svar (e-post eller brev) i starten av juli, med nærare opplysingar om kurset. Påmeldingar er bindande når fristen har gått ut.

Spørsmål om kurset kan rettast på e-post til tidebonkurs@itea.ntnu.no, eller på telefon til Irene Bergheim (73 59 65 61), eller Leiv Arild Andenes (73 59 18 19). Ver hjarteleg velkomne til olsokfeiring i Trøndelag!



DEN NORSKE KIRKE
Nidaros domkirkes menighet



<http://nidarosdomen.no>

<http://olavsfestdagene.no>

Påmelding til olsok-kurs 25.–29. juli 2010

Inga kursavgift. Bindande påmelding innan 1. juli 2010

brevpost: Nidaros domkyrkjelyd,
Kongsgårdsgata 2, 7013 Trondheim

telefon: 417 98 000

e-post: steinar.moen@kirken.trondheim.no

web: <http://olavsfestdagene.no/2010/no/Kurs/Officiet/>

Uavhengig av påmeldingsmåte treng vi følgjande opplysingar:

Namn _____

Telefon _____ Mobill _____

Postadresse _____

E-postadresse _____

Foto: © Elin Amundsen og Leiv Arild Andenes. Sats: LAA

OLSOK 2010

VAKENATT OG TIDEBØNER

Kurs i gregoriansk song i norsk
tilrettelegging av Olavs-officiet

Værnes/Trondheim 25.–29. juli 2010

Olsokdøgnet – "Det heilage døgnet"

Olavsfestdagane har sidan i fjor sett fokus på "Det heilage døgnet", som innleiest med *vesper* (kveldssong) den 28. juli. Døgnet avsluttar med *completorium* (bøn før natta) den 29. juli.

Gudstenesta 28. juli kl. 23 går rett over i vakenatta (Olavsvaka). Katedralen er open heile natta, det er bønestasjonar rundt om i kyrkja, og dei som vil, har høve til å samtale med ein prest.

Kvar heile time samlast vi ved korsalteret til *nocturnene* frå *vigilien* (vake). Etter endt vigilie vandrar vi fram til høgkoret, og feirar *laudes* (morgonsong) klokka 6. For nokre er dette slutten på vakenatta, for andre starten på olsokdagen.

Tidebøntradisjonen

Den gamle tradisjonen med tidebøner og vakenatt under olsok har vore halden i hevd i Nidarosdomen frå midten av 1990-talet, og sidan 2004 har alle dei viktigaste tidebønene under olsokdøgnet (kalla Olavs-officiet) vore med.

Ei tidebøn er ei kort, sjølvstendig gudsteneste, men er samtidig del av ein heilskap som utgjer døgnyrtmen. Liturgien legg ofte opp til vekselsong, t.d. mellom kvinner og menn.

Målgruppa

Kurset er laga med tanke på korsongarar, kyrkjemusikarar, prestar og andre interesserte. Vi ønskjer å gjere tidebøntradisjonen kjend gjennom aktiv deltaking, og å inspirere til vidare bruk av tidebøner i kyrkjelydar rundt om.

Tidebønkurset

Vi inviterer til tidebønkurs med Olavs-officiet som grunnlag. I år innleier vi kurset med øving og *completorium* i Værnes kyrkje den 25. juli frå kl. 15.30. Resten av kurset haldast i Trondheim, og tidebønene under olsokdøgnet er alle i Nidarosdomen.

Kurset har eit øvingsomfang på om lag 25 timar over fire dagar. Kursdeltakarane utgjer korggruppa som leier tidebønene under olsokdøgnet. Liturgiane er samla i boka *Tidebønner fra Nidaros – Olsok*. Kurset gjev ei innføring i å nytte firelinja kvadrat-notasjon, som er den tradisjonelle notasjonen for gregoriansk song.

Gudstenester i kursperioden

Gudstenester med feit skrift blir leia av kursdeltakarane. Dei andre er gudstenester der kurstimeplanen gjer det mogeleg å ta del som kyrkjelyd.

Sjå også festivalprogrammet på <http://olavsfestdagene.no/>

Søndag 25. juli

kl. 21.00 **Completorium i Værnes kyrkje (Stjørdal)**

Måndag 26. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispergarden

Tysdag 27. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispergarden

Onsdag 28. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispergarden

kl. 17.30 **Første olsokvesper (kveldssong)**

kl. 23.00 Gudsteneste (som går over i Olavsvaka)

Torsdag 29. juli

kl. 01.00 **Vigilie (vakenatt) – ein del kvar heile time**

kl. 06.00 **Laudes (morgonsong)**

kl. 11.00 Olsokhøgmesse

kl. 14.30 **Non (middagsbøn)**

kl. 17.30 **Andre olsokvesper (kveldssong)**

kl. 22.00 **Completorium (bøn før natta)**



Første kursdag er vi i Værnes kyrkje

Fløytespel tonar inn kvar del av vigilien

Kursleiar i 2010 er Jørn Fevang